

Av god gamal årgang

Etter lydbandopptak av Jostein Drabløs med Sigvart R. Velle i 1979

Sigvart var fødd i 1900 og vart 88 ½ år gammal. Emne for samtalen var Sigvart sine minne frå barne- og ungdomsåra og frå tida han var i Amerika.

Frå ungdomslaget og idrettslaget hadde han mange gode minne. I 1910 skulle det arrangerast idrettsstemne inne på Gamlestølen. Sigvart og jamaldringane hans, Åmund-Sevrin og Tore-Jens (bror til Ole-Petter), hadde fretta om dette og drog inn for å sjå på. På den tid var det slett og fin voll på Gamlestølen. Slik er det ikkje no. Tevlinga gjekk hovudsakleg ut på lengdehopp og tresteg. Kan hende var det høgdehopping òg. Så hadde dei terrengløp. Løpet gjekk som i ein ellipse ; innerter vegen, langt inn gjennom Laskogen og så tilbake lenger oppe i terrenget. Mellom deltakarane var Knut-Lars på Hole, Hauknut-Andreas og Lars-Martines på La. Lengdebyksmålinga var det Knut-Lars som styrte med. Det var knapt nokon som dreiv førehandstrening. Dei berre kasta av seg trøyene, brigda opp buksene sine og sette i gang å bykse.

Kapproing. Same året, i 1910, var det kapproing på Nysætervatnet. La-karane hadde færingar der inne. Alle kunne å ro den tida, så noko trening trongst ikkje. Med same båten rodde dei, to og to. Dette året var det Jens-morbror (Myre-Jens) og Tore-Fredrik som tok fyrstepremien, minstest Sigvart. Også på Fitjavatnet var det kapproing. Dei starta på Ellingfonna, rodde bortunder Fitjavørane og tilbake. Her òg nytta deltakarane same båten. Klokka og tida dei brukte avgjorde.

Så nemnde Jostein eit fotografi av Velledalen Idrottslag på Lastølen der mange står og held sykklar. Både far hans, Johan (f.1894) og farbrørne Karl og Edvard var med på biletet. Utifrå kor gamle dei såg ut, trudde Jostein at biletet kunne vere frå 1910. Sigvart hadde òg sett dette biletet. Han meinte at det måtte vere teke seinare, for i 1910 var det ikkje så mange som hadde sykkel. Mellom dei få som hadde, var Nakke-Johan på Hole og bror hans, Bastian-Karl på Velle. Så bakkete som vegane var der inne, var det lite truleg at dei hadde drive med kappsykling.

Nokre år seinare kappsykla dei her, neda Brauta. Dei starta ved smia hans Heggebakk-Petter og sykla mest ned til Straume. Der snudde dei og sykla fram att. Mons-Ihlje-Karl og Bøtel-Petter (Jørn-Petter) var favorittar og tok dei to fyrste plassane.

Høgdebyksing. Vidare nemnde Sigvart eit idrettsstemne som vart arrangert framme i Valljagjerdå ein haust. Eit fotografi, teke i Åmundgjerdå, syner deltakarar og andre som var til stades. Jostein undrast på kva slags stong det var Åmund-Ole stod og heldt. Sigvart kunne fortelje at stonga kallast byksarmål og vart brukt til å måle høgda på snora når dei hoppa høgde.

Åmund-Ole var ein spretten kar og ein av dei som bykste høgast. Då Sigvart var 15 år, deltok han i konkurransen og hoppa like høgt som Ole. Då var han kry, minstest han. Jostein kommenterte at Åmund-Ole var spretten opp i høg alder og kunne "bykse gardane" når han sprang etter sauene.

Ein gong var det idrettsstemne med høgdehopping ned i Myrane, der Bastian-husa står no. To karar var i teten. Det var han Barbro-Johan (far til Jostein) og han Tore-Fredrik. Tore-gamle-Knut tok parti med svigersonen Fredrik og Barbro-Knut (Nystøv-Knut) med han Johan. Fyrst greidde Johan ei ny høgde og så greidde Fredrik det med. Då "voks" han Tore-

Knut ; - Hå, e tenkje at viss hanj Fredrik bli fjølga, so bli'kje hanj god å ta ! Så fortsette dei høgare, disse to karane. Så seier han Nystøv-Knut : Ja, når du fjølga 'nå Fredrik, so ska' e fjølge 'nå Johan ! Sigvart hugsar ikkje kven som vart best. Dei var omtrent like.

Sigvart deltok ikkje i vinteridrett og nøgde seg med å vere tilskodar. Han hugsar eit skirenn som vart halde i 1914 eller 1915. Deltakarane gjekk frå ungdomshuset, eit stykke opp gjennom Vallasætervegen og tilbake.

Gunnar Velle

Alarm

Velledalen skule var ny og vart teken i bruk hausten 1963. Når lyset stod på ein mørk haustkveld, skein det som frå eit slott ! Før var der skog og einekagar og Tregardstrollet likte det nok best slik.

På kveldstid vart det sett i gang treningsaktivitetar i dei nye lokala. Eg hugsar ikkje om det var idrottslaget eller fotballaget som stod bak. Ein novemberkveld var eg òg med, saman med andre unge gutar.

Så var det ein teknisk interessert framabrauting som tok til å fikle med ein brannmeldar og metallklubba som hang attmed. Glasplata som heldt inne utløysarknappen var nok både tynnare og veikare enn ein skulle tru, og dermed var alarman i gang. Lyden var frykteleg sterk og vi vart både redde og rådvile. Vi fann ut at dersom knappen vart halden inntrykt, vart det stilt. Dette ordna vi med å stikke klubbeskaftet på skrå opp og inn i botnen av forseninga for knappen. Tyngda av klubba og skaftet på skrå over knappen var nok til å halde han inne.

Slukøyra kom eg heim og tok til å søkje etter radio Luxemburg. Etter å ha sveipa innom fleire stasjonar, tok eg til å skjøne at det hadde hendt noko frykteleg ute i verda. Det var ikkje berre guthynane på trening i Velledalen skule som hadde fått seg ein kipp denne kvelden. Heile verda var oppskaka.

Ja, kva hadde hendt, fredag 22.november 1963 ?

Gunnar Velle